

KVINNHERAD HØGRE

Høgre trur på kvart einskild menneske si evne og lyst til å stå på egne bein. Når vi spelar på lag mellom frivilligheit, næringsliv og offentlig sektor skapar vi gode lokalsamfunn.

Kommunevalprogram
2023-2027

Kommunevalprogram for Kvinnherad Høgre 2023-2027

Levande lokalsamfunn med utvikling og vekst

Kvinnherad skal vera staden kor det er godt å veksa opp. Skulane skal ha høg kvalitet, eit godt læringsmiljø og gje elevane utfordringar på sitt nivå. Kommunen må kunna tilby gode helsetenester gjennom heile livet. Det må leggjast til rette for at næringslivet skal vidareutvikla og etablera seg i Kvinnherad, noko som vil skapa attraktive arbeidsplassar.

Kvinnherad består av små og mellomstore lokalsamfunn der innbyggjarane skal kunna oppleva det som trygt og triveleg å bu. Kvinnherad Høgre vil arbeida for at det skal bli endå betre å bu i bygdene våre i framtida ved å levere gode kommunale tenester, eit blomstrande næringsliv og eit mangfald av lag og organisasjonar som lagar gode sosiale fellesskap. Initiativ skal møtast med ei offensiv innstilling.

Høgre vil ha større fokus på å synleggjera kor attraktivt det er å bu i Kvinnherad og slik støtte all aktivitet som går på å få folk til å flytte til kommunen. Fleire innbyggjarar vil bety kompetanse til næringslivet, meir aktivitet i kommunen og fleire born i skulane. Grunnlaget for gode tenester, bumiljø, relevant arbeidskraft og auka folketal er at fleire vel å busetja seg her.

Kommunen skal leggja til rette for å skapa folketalsvekst ved å framsnakka kommune, bygd og arbeidsplassar. Politikken vår skal kjenneteiknast av handlekraft, der det vert gjeve støtte til nye prosjekt som fører til utvikling og vekst. Vi skal òg fylgja opp vedtaka som kommunestyret gjer fram til dei vert realiserte.

Dette programmet skal visa kva politikk vi ynskjer å gjennomføra dei neste fire åra, men synleggjer samstundes ei optimisme og framtidstru som skal leggja til rette for utvikling av ein attraktiv kommune også på lang sikt.

Attraktive bygder – dit folk vil flytta til

For Høgre er det viktig at folk kan velja kor dei vil busetja seg. Ei bygd som er innbydande og attraktiv kan få mange til å vurdera å flytta dit. Mange har ynskje om tomter som er solrike, har utsikt, er nær sjø og sentrum. Tilrettelagt byggeland, gode sentrumsområde, nærskular og tenester i bygdene er difor viktig for Høgre.

Kvinnherad Høgre ynskjer å leggja til rette for:

- Nok bustadar til fleire hundre nye innbyggjarar i kvar av krinsane
- Tilstrekkeleg med barnehageplassar i kvar skulekrins
- Næringsareal til hundrevis av nye arbeidsplassar, i bedrifter av ulike slag
- Friareal, båt plassar, bade plassar, turvegar og anlegg til kulturaktivitetar og idrett.
- Gode tenestetilbod i dei ulike delane av kommunen. For Høgre er det viktig at innbyggjarane får tilbod om flest mogleg tenester nær seg og utan å reisa ut av kommunen.
- I kommuneplanen er det samrøystes vedteke at Husnes er regionsenter og Rosendal administrasjonssenter. Sæbøvik, Uskedalen og Hatlestrand er lokalsenter medan fleire andre bygder er nærsenter. Høgre vil i perioden fornya og oppgradera sentrumsområda i bygdene gjennom ein eigen «sentrumspakke» for å bidra til estetisk løft og auka attraktivitet.
- Unngå å gjeninnføra eigedomsskatt på hus og hytter
- Ha låge kommunale avgifter samanlikna med nabokommunar

Bustadpolitikk

Kvinnherad som kommune skal gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst. Det er eit ønskje om meir planlagd utbygging av busetnad nærare sjøen og grønstruktur. Difor bør det vere lettare å få til planlagt bygging i 100 metersbeltet i bygdene, utan at det går på kostnad av tilgjenge til strandsona for alle.

Kvinnherad Høgre vil:

- Tilretteleggja areal for minst 15% vekst i innbyggjartalet i kvar av ungdomsskulekrinsane
- Setja av område sentralt i dei største bygdene for å sikra areal til bustad, handel, servicenæringar, møteplassar og grøntareal inkludert strandområde.
- Mange kvinnheringar føretrekk å busetja seg i bygda der dei har røtene sine. Høgre vil legge til rette for dette gjennom å gjere byggeland tilgjengeleg i alle bygder i areal og områdeplanar for kommunen.
- At alle arealplanar skal leggja til rette for vekst og utvikling.
- Dersom område avsett til bustadbygging ikkje blir utvikla, skal dei takast ut av planen, slik at andre område kan avsetjast der det er meir sannsynleg at det blir bygd ut, innan rimeleg tid.
- Stilla seg positive til fortetting i eksisterande bustadområde, samt bygging utanfor regulert område.
- Arbeida for å knyta saman bygdene med gang- og sykkelveggar for å få sikrare ferdsel, om mogleg med tunnelmassar
- Leggja til rette for bustadbygging som vil tilfredsstilla dei ulike behova innbyggjarar og tilflyttarar har.
- Leggja til rette for livsstilseigedomar på inntil 5 mål, med buplikt. Vil kunna bidra positivt til sosialt miljø ved samarbeid om dyrking og drift og sikra sjølvberging og busetjing.
- Fjerna maksgrensa på 250 m² BYA for bygging av bustad på ikkje detaljregulerte bustadtomter. Maksgrensa har ført til mange unødige dispensasjonssøknader dei siste åra. Kvinnherad Høgre vil auka utnyttelsesgraden på BYA frå 30 % til 50 % på slike tomter.
- Fjerna krav om privat reguleringsplan for tomter over 1 800 m², der det i dag er krav til det fordi det er plass til meir enn 2 einebustadar

Attraktivt næringsliv

Kvinnherad kommune har eit variert og aktivt næringsliv. Kvinnherad Høgre meiner det framleis er eit betydeleg uforløyst potensiale for utviding av eksisterande næringar og ny etableringar.

Kvinnherad Høgre vil:

- Kvinnherad skal vera ein kommune kor alle lokale verksemder kan ha ein tett dialog med kommunen og få støtte til utvikling av selskapa.
- Kommunen skal støtta Kvinnherad Næringservice slik at dei kan støtta lokalt næringsliv og gründerar.
- Kommunen må alltid ha tilgjengeleg tilrettelagt og konkurransedyktig næringsareal i alle deler av kommunen. Dette både for ekspansjon for allereie etablert næring, men også nyetableringar innanfor alle bransjar.
- Auka regionalt samarbeid med alle nabokommunar for å kunna tilby og utfylla behovet som næringslivet rundt oss etterspør, uavhengig av kommunegrenser.
- Høgre vil arbeida for at kommunale avgifter og skattar for næringslivet ligg lågare enn landssnittet.
- Arbeida for gode og føreseielege vilkår for kraftforedlende industri, land og havbruk.
- Støtta opp under reiselivsnæringa, slik at den kan utvikla seg i tråd med potensialet
- Følgja opp reiselivsplanen og arbeida aktivt for at Kvinnherad skal bli eitt av dei fremste reisemåla i Noreg
- Fortsetja medlemskap i Visit Hardangerfjord og Visit Sunnhordland.
- Synleggjera verdiskaping og potensiale i Folgefonna nasjonalpark.
- Vil arbeida for at lokale styresmakter må få fullmakt til å gje løyve til tiltak i nasjonalparken.
- Nyttå ein større del av kommunen sitt næringsfond enn i dag, for å stimulera til auka næringsaktivitet som igjen genererer nye arbeidsplassar eller tryggjer eksisterande.

Ein god oppvekst

Ein god oppvekst skal gje grunnlag for at våre barn skal få ei god notid og framtid. Høgre ynskjer moglegheiter for alle. Vi må ha barnehagar av høg kvalitet og tilstrekkeleg med plassar. Skulen skal sjå kvar enkelt elev og skape rom for lærelyst, meistring og engasjement.

Kvinnherad Høgre vil:

- At barnehage og SFO har kapasitet til å ta imot ny tilflyttar familiar innan rimeleg tid.
- Opprusta inneklima og kjøken på kommunale barnehagar
- Oppretthalda gratis SFO for alle trinn (1-4.klasse)
- Høgre meiner nærskulen har ein viktig funksjon i lokalsamfunnet, og vil støtta arbeidet for ein skule der alle trivest og får opplæring tilpassa den enkelte elev sitt behov.
- Biblioteket er ein viktig møteplass. Det er ynskjeleg å få til liknande tilbod ved ungdomsskulane, også som møteplass for andre enn skuleelevar.
- Betre karriererettleinga og rådgjevingstenester i grunnskulen
- Sikre god dekning av helsesjukepleiarar gjennom mellom anna helsestasjon for ungdom og andre psykososiale tilbod
- Støtta utprøving av nye ordningar der elevar kan få tilpassa opplæring gjennom t.d. utplassering i bedrifter eller deltaking i andre opplegg
- Støtte tilbod som til dømes uteskule og «Blå skule»
- Stimulera til kreativitet og lærelyst m.a. gjennom praktisk-estetiske fag
- Ungdomsskulen må bli meir praktisk og variert, som igjen vil gje elevane auka motivasjon for både fagleg og sosial læring.
- Støtta entreprenørskap i skulen.
- Arbeida for å få fleire med sosialfagleg utdanning inn i skulen for å betra skulemiljøet
- Ta vare på nærskulane og prioritera vedlikehald av skulebygg
- Kunna tilby støtte til vidareutdanning og kompetanseheving for lærarar og leiarar i skulen.
- Utvida ordninga med lærarstudentar frå USA, som har gjeve gode resultat i engelsk ved fleire skular, til å gjelda fleire skular.
- Høgre vil jobba opp mot fylket for å sikre tilbodet, samt støtta vidareutvikling av studieretningar ved Kvinnherad vidaregåande skule.

Helse som grunnlag for gode liv

Kvinnherad kommune skal tilby kvalitet i helsetenestene for innbyggjarane våre gjennom heile livet, når ein treng det.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for og støtta opp om:

- God kvalitet og innhald i helse- og omsorgstenestene, med livskvalitet for den enkelte i sentrum
- Utarbeida ein plan for eit meir aldersvenleg samfunn
- Rehabilitera og oppgradera det bygningsmessige på Husnestunet.
- Alle eldre må ha tilgang til Internett og få opplæring i digital dugleik. I tillegg må dei som har behov for det, ha tilgang til papirbasert kommunikasjon.
- Intensivera arbeidet med nytt helsehus på Husnes.
- Samlokalisera den offentlege tannhelsetenesta og andre helsetenester i nye lokale i Rosendal.
- Gode tilbod som fysioterapi, tannhelse, fotterapi og møteplassar i tilknytning til sjukeheimane, og tilbod om logoped i kommunen .
- Samarbeid med frivillige som skapar aktivitet og livsglede på institusjonane.
- Alle skal få bu lengst mogleg heime, jamfør leva livet reformen.
- At private kan byggja omsorgsbustadar i tilknytning til institusjonane, der kommunen framskaffar tomter.
- Private initiativ i helse- og omsorgssektoren der dette kan gje eit betre tilbod for bebuarar og pasientar.
- Ha fritt brukarval i helse- og omsorgstenesten
- Etablera fleire bufellesskap der den enkelte får trygge omgjevnader og god bistand.
- Satsa særleg på rekruttering av sjukepleiarar med gode ordningar og tilbod om heiltidsstilling
- At kommunen til ei kvar tid skal ha tilgjengelege sjukeheimsplassar for dei som treng det
- Samarbeida med frivillige som skapar aktivitet og livsglede på institusjonane
- At matproduksjon til institusjonane skal halda fram i Kvinnherad.
- Førebyggja psykiske lidningar blant barn og unge gjennom gode møteplassar
- Gjera dei tilsette rusta til å møte nye utfordringar i sektoren ved til dømes kompetanseheving
- At kommunen skal kunna tilby utleigebustadar for t.d. innleigd arbeidskraft til kommunen, studentar i praksis og andre korttidsbehov, gjerne i samanheng med leige-til-eige tilbod.
- Vil sikra god kvalitet på familierelaterte tenester som PPT og barnevern.
- Prioritera førebygging av psykiske lidningar blant unge, og sikra eit godt tilbod om helsesjukepleiar i skulen og god oppfølging av unge med helseproblem
- Vera open for særskilte ordningar i sektoren for alle som slit med å koma seg inn i arbeidslivet

Samferdsle

For at Kvinnherad i framtida skal få til vekst og næringsutvikling, må den store satsinga på samferdsle halda fram.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for:

- Kvinnherad må få ei effektiv tilknytning til E39 og vesentleg redusert reisetid til Haugalandet og Bergen. Kommunikasjonane internt i Sunnhordland må betrast.
- Kvinnherad Høgre går inn for at framtidig samband mot E39 og Stord skal vera ferjefritt. Eventuelle ferjesamband skal vera så korte som mogeleg og ha god frekvens.
- Ferjesamband til Rommetveitområdet skal arbeidast vidare med.
- Realisering av Fjelbergsambandet og ny ferjekai på Skjelnesodden.
- Støtta vegutbetring i Bjørnafjorden og Kvam kommune for å korta inn reisetida mot Bergen via Tysse. Til dømes gjennom fjerning av flaskehalsar på strekninga Gjermundshamn-Holdhus. I lag med utbetra veg frå Årsnes til Folgefonntunnelen kan dette bidra til at strekninga vert den føretrekte Bergen-Odda.
- Fullføra vegutbetring i Kvinnherad gjennom Kvinnheradpakken.
- Starta arbeidet med Kvinnheradpakke 2 & 3.
- Ein byggjer veg med gul midtstripe gjennom heile kommunen
- At det vert rassikring på utsette kommunale vegar
- Betre vedlikehald og fast dekke
- Det blir trygge gang og sykkelvegar mellom alle større buområde, skular og butikkar.
- Trafikktryggleiksplanen sin handlingdel, som kommunestyret har vedteke, vert realisert.
- Trygge skulevegar og særleg prioritera vegljøs.
- Betra trafikktryggleik i sentrumsområdet i Husnes og Rosendal, prosjektera parkeringshus
- Betra busstilbod i heile kommunen og gjennom kommunen
- Effektivisera snøggbåtsambanda i Kvinnherad med auka frekvens og redusert reisetid.

Matproduksjon, landbruk og oppdrett

Kvinnherad Høgre ynskjer at landbruk og oppdrett skal ha gode vilkår for å utvikla seg og auka berekraftig produksjon av matvarer.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for:

- Høg grad av sjølvberging med produkt frå både sjø og land
- Stimulera til auka satsing på frukt- og grønsaksdyrking.
- Lokal mat og drikke i større grad må gå inn som ein del av reiselivsproduktet
- Det må vera tilgjengeleg areal på land og sjø for den marine næringa. Høgre meiner arealavgift for oppdrettsanlegg må tilfalla kommunen.
- Dyrka areal over tid aukar, gi tilskot til nydyrking og grøfting
- Når ein nyttar dyrka mark til andre føremål, så bør det vera høg utnyttingsgrad
- Gardbrukarar som vil utvikla og skapa ny næring får høve til det, til dømes gjennom toppfinansiering ved omlegging til lausdrift
- Bygg som ikkje lenger vert brukt til det dei vart bygde for, t.d. industribygg, fjøsar, løer, reiskapshus, sjøhus og andre, kan nyttast til andre føremål, t.d. til bustadar for utleige til fastbuande, arbeidsfolk eller ferierande.
- Stimulera til mest mogleg eigenproduksjon av matvarer
- Parsellhagar for ureist mat kan vera viktige sosiale samlingspunkt og gode stadar for inkludering.
- Det kan skiljast frå livsstils eigedomar på inntil 5 mål, med buplikt, noko som kan styrka det sosiale miljøet ved samarbeid om dyrking og drift gjennom godt naboskap, spesielt der det er behov for ny busetjing.
- Folk får byggja nye kårhus dersom det vil bu to eller fleire generasjonar på garden

Kultur, idrett og frivilligheit

Kvinnherad kommune har sær mange engasjerte og dyktige innbyggjarar som står på og yter dugnad for friville lag, stiftingar og organisasjonar.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for:

- At offentlege idrettsanlegg og skular skal vera opne for bruk av frivillige lag vederlagsfritt på ikkje-kommersielle arrangement
- Å ha ungdomsklubbtillbod i alle ungdomsskulekretsane.
- Å støtta opp om aktivitetar i og rundt Kvinnherad Arena
- Å starta arbeidet med realisering av idrettshall i Rosendal
- Å vidareutvikla idrettsområdet ved Halsnøy skule
- Å sikra drift, mobildekning og vidareutvikling av område i og rundt Fjellhaugen Skisenter.
- At det blir fleire gode møteplassar i bygdene og gode rundtursløyper
- Fleire badeplassar og parkområde i sentrumsområda
- At kommunen skal vera aktiv støttespelar for lokale kulturarrangement og festivalar som t.d. Festidalen
- At kyrkjer og kyrkjegardar blir godt vedlikehaldne.
- Støtta opp om desentraliserte og nye tilbod i kulturskulen
- Fremja kystkulturen gjennom å støtta aktivt opp om tiltak som Bergslagen, Halsnøy historiske senter og Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter
- Støtta opp om vidare utvikling og aktivitetar ved Baroniet Rosendal, Halsnøy Kloster og Steinparken.

Klima og miljø

Gode klima- og miljøtiltak for å løysa det grønne skiftet kan gi stor vinst for miljøet, økonomien og for samfunnet gjennom nye arbeidsplassar og aktivitet.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for:

- Nye trasear for framføring av høgspenit i Sunndal, på Bogsnes og i Rosendal for å frigjera verdfulle areal til annan bruk.
- At det ikkje vert bygd vindmølleparkar i Kvinnhersk natur.
- Ha klimafokus ved alt planleggingsarbeid.
- Gjennom lokale tiltak bidra til rein natur og reduksjon av klimagassutslipp
- Å sikra god balanse mellom utbygging av fornybar energi og vern av verdfull og urørt natur.
- Restmassar frå tunnelbygging bør brukast til areal for næringsutvikling, vegbygging, sentrumsformål etc.
- Tilretteleggja for at matjord og andre eigna massar blir flytta og nytta til nydyrking og andre tiltak, når dyrka mark blir nytta til andre formål.
- At kommunen sin bilpark bør bestå av null- eller lågutsleppskøyretøy der det er mogeleg
- Utbygging av fleire ladestasjonar for el-bilar og andre lågutsleppsløysingar, t.d. for el-båtar
- At nye og eksisterande kommunale bygg skal vera så energieffektive som mogleg
- Støtta opp om strandryddeaksjonar
- Vera pådrivar for å ta i bruk miljøvenlege energikjelder
- Støtta opp om og arbeida for etablering av produksjonsanlegg for miljøvenleg energi
- At nye vasskraftverk vert realisert, m.a. nye Onarheim kraftverk
- Utnytta betre dei kraftressursane som ligg i Hattebergvassdraget for å få meir både vinter- og sommarkraft.
- Arbeida for å gjera cruisetrafikken meir miljøvenleg
- Vidareutvikla Folgefonnsenteret for å etablera kompetansesarbeidsplassar og fremja klima- og miljøspørsmål.
- Å støtta KNS og kommunen sitt vidare arbeid med etablering av Grøn Næringspark på Husnes.

Økonomi og forvaltning

Ein sunn og føreseieleg kommuneøkonomi er nøkkelen til eit godt og stabilt tenestetilbod til innbyggjarane. Høgre vil vidareføra ei ansvarleg økonomistyring og kontinuerleg arbeida for at kommunale tenester vert drive så effektivt som mogleg. Høgre vil syta for ei langsiktig og trygg forvaltning av kommunen sine fondsmidlar.

Kvinnherad Høgre vil arbeida for:

- Å vidareføra ei ansvarleg økonomistyring .
- Å sikra god forvaltning av kommunen sine fondsmidlar
- At kommunale skattar og avgifter skal vera under landssnittet
- Oppretthalda fjerning av eigedomsskatten.
- Trainee-stillingar i etatane for å få inn ny kompetanse og heimflyttarar
- Selja kommunale bygg som ikkje er tenlege. Unødvendige driftskostnader må reduserast der dette er mogleg.